

Fiskeridirektoratet
Postboks 185 Sentrum
5804 BERGEN

Oslo, 16.03.2026
Vår ref. 25/2994-9
614.30/ANSK
Dykkar ref. 23/15848

Att:

Høyring - forslag til forskrift om styring av akvakultur

Landsorganisasjonen i Norge (LO) viser til overnemnde forslag til ny forskrift om styring av akvakultur frå Fiskeridirektoratet, på vegne av Nærings- og fiskeridepartementet. Den nye akvastyringsforskrifta skal erstatte dagens forskrift om internkontroll (IK-akvakultur), og sikre krav til kontinuerleg betring, risikoreduksjon og krav til utarbeiding av risikovurderingar, barrierar, beredskap, mål, trening og øvingar. Framlegget skal særleg ivareta Riksrevisjonens tilrådingar om risikostyring kring fiskehelse og fiskevelferd i havbruksnæringa.

LO støttar i stor grad vurderingane gjort av Mattilsynet og Fiskeridirektoratet, men understrekar at det er nødvendig å inkludere personsikkerheit som eit sentralt mål i arbeidet med sikkerheitsstyring. Effektive og gode sikkerheitsstyringssystem utviklast og praktiserast best i samspel med dei som utfører arbeidet i praksis.

Forslaget til ny forskrift er retta mot verksemdenes ansvar for systematisk styring, biologisk risiko, dyrevelferd og etterleving av gjeldande regelverk heimla i akvakulturlovgivinga. Forslaget er openbert ikkje meint å vere ei HMS-forskrift, men vil i praksis regulere aktivitet som utførast av arbeidstakarar og innleigd personell, ofte under krevande og risikofylte tilhøve. Forslaget viser eit totalt manglande omsyn til HMS og risiko for tilsette i akvakulturnæringa, og det er heller ikkje peikt på korleis dette ev kan ivaretakast – eller lenkast til anna regulering. Forskriftsforslaget inneheld lite om involvering av, og medverknad frå, tilsette i arbeidet med sikkerheitsstyring. LO vil påpeike at store deler av risikoen forskrifta skal handtere, oppstår i grensesnittet mellom biologiske, tekniske og operasjonelle forhold, og materialiserer seg i den praktiske gjennomføringa av arbeid i og kring akvakulturanlegg. Det bør vere klart at erfaring frå den operative delen av verksemda må inngå i systematisk risikovurdering, beredskap og barriereplanlegging.

Tilsette i akvakulturnæringa har eit sær sars risikoutsett yrke, og må handtere målkonflikter mellom sikkerheit og produksjon, - der produksjon prioriterast over sikkerheit. Akvastyringsforskrifta må ta innover seg desse utfordringane. Verksemdenes sikkerheitsstyring må ivareta omsyn til helse, miljø og sikkerheit for arbeidstakarar, og peike på målkonflikter mellom sikkerheit og produksjon. Dette må inn både i formålsparagrafen i forskrifta, i §§ 2-2, 2-3 og gjennomgåande vidare i forskrifta. LO føreslår følgande tillegg i formålsparagrafen (utheva og understreka tekst):

"§ 1-1 Formål

Formålet med forskriften er å sikre at det gjennomføres et systematisk og kontinuerlig styrings- og forbedringsarbeid, for å sikre oppfyllelse av krav fastsatt i eller i medhold av akvakulturlovgivningen, og som fremmer
personsikkerhetsmessig, teknisk, biologisk, miljømessig, dyrehelse- og dyreveldferdsmessig forsvarelig akvakultur."

Høyringsnotatet viser at etatane har vurdert, men gått bort frå, å ta inn krav om "påsjaansvar og arbeidstakars plikt til medverknad", og meiner dette ev må utgreiast nærare. Ei slik plikt vert forklara å medføre at arbeidstakar skal ha ei sjølvstendig plikt til å medverke til systematisk styrings- og betringsarbeid. LO vil i denne samanhengen åtvare mot å tolke dette omtala påsjaansvaret og medverknaden som at det er dei tilsette som har ansvaret for å rapportere forskriftsbrot, - noko som er å dytte ansvaret nedover. LO støttar at det gjennomførast ei vidare utgreiing for å ivareta personsikkerheit og arbeidstakarars rett til medverknad innanfor denne forskrifta.

Personsikkerheit har hatt lite plass i teknologiutviklinga innanfor havbruk, sjølv om teknologien som veljast har stor påverknad på arbeidsmiljø og arbeidspraksis. Det er mange arbeidsulukker og farlege hendingar i akvakulturnæringa.

Landsorganisasjonen i Norge

Torggata 12, N-0181 Oslo E-post: lo@lo.no www.lo.no Telefon: +47 23 06 10 00
Organisasjonsnummer: 971 074 337 Kontonr.: 9001 07 00182
Elektronisk faktura (EHF): 9908:971074337



Studiar viser at grunnar bakom at ulukker skjer, ofte er organisatoriske som lange arbeidsøkte, for få til jobben, og høg arbeidsbelastning ved store operasjonar. SINTEF Ocean si HMS-undersøking i havbruket frå 2023 syner godt desse problemstillingane. LO meiner dette understrekar behovet for å inkludere personsikkerheit og tilsettes medverknad på ein betre måte i akvastyringsforskrifta.

Med venleg helsing
LO Norge

Frode Engen
(sign.)

Kenneth Sandmo
(sign.)

Saksbehandlar: Anne-Beth Skrede

Dette brevet er godkjent elektronisk i Landsorganisasjonen i Norge og har derfor ingen signatur.